

## Pressemelding

I høve friluftslivets år 2015 kjem det i denne veka ein konvolutt til alle husstandar i Kvinnherad med mykje god informasjon om tur og friluftsmoglegheiter i den flotte regionen og kommunen vår.

Tiltaket er eit samarbeidsprosjekt mellom Friluftsrådet vest, Kvinnherad turlag, Kvinnherad kommune, Fjellhaugen skisenter og Huset på Bjørke – To kryss. Invitasjonen kom til Kvinnherad kommune frå Friluftsrådet Vest som hadde gjennomført eit liknande prosjekt i mellom anna Tysvær kommune. Kvinnherad kommune tok då kontakt med Turlaget og Fjellhaugen skisenter som begge tende på ideen. Huset på Bjørke – To kryss tok på seg dugnaden med å pakka og distribuera dei 5650 konvoluttane.

Meininga er at i løpet av denne veka (veke 13) skal alle husstandane få ein konvolutt i postkassen sin som inneholdt Friluftsrådet Vest sitt magasin, turkart med merka og graderte turstiar i Kvinnherad, Kvinnherad turlag sitt turprogram, brosjyre frå Fjellhaugen skisenter og eit følgjebrev underteikna Kvinnherad kommune, Friluftsrådet Vest og Kvinnherad turlag.

Huset på Bjørke – To kryss er allereie i gang med å køyra ut konvoluttane. Dette er 3. veka dei arbeidar med prosjektet, og dei har lagt ned ein kjempeinnsats for å få konvoluttane pakka og distribuert til alle husstandar. Det er eit stort arbeid å finna fram til alle postkassane i kommunen og vi ber om forståing dersom nokon ikkje skulle få konvolutten. Det vil det bli lagt ut konvoluttar på biblioteket på Husnes og på rådhuset, slik at ein kan henta seg ein konvolutt der dersom ein ikkje får den i postkassa. Målsetjinga er å bli ferdig med distribusjonen til påske slik at ein kan kosa seg med materialet når påskeutfarten skal planleggast.

Tiltaket er eit av fleire tiltak for å nå målsetjinga for friluftslivet år 2015:

Året skal gi varige resultat i form av auka deltaking i friluftsliv i alle deler av befolkninga, og vera med på å gi friluftsliv auka merksemd. Året skal gi økt bevissthet om friluftslivets positive effektar knytt til folkehelse. Året skal vidare auka bevisstheten om allemannsretten og dei svært gode moglegheitene som alle i Norge har til å utøva friluftsliv. Prioriterte målgrupper er born, unge og barnefamiliar. Samtidig er det eit mål å nå heile befolkninga.

Les meir om året her: <http://www.friluftslivetsar.no/fa15/>

Vi håpar at vi med denne konvolutten vil nå heile befolkninga i Kvinnherad og at innhaldet vil vera til inspirasjon både til dei som allereie er aktive brukarar av naturen, men også til dei som ikkje er så røynd med å nytta naturen til tur og friluftsliv.